

Fra: Terje Hopland <thop@broadpark.no>
Sendt: 14. desember 2014 19:31
Til: Postmottak Lindås
Emne: Gbnr 171/3 Seim

Viser til avslag på vår søknad om dispensasjon til frådelling av bustadtomter.

Vi ser at kommunen har ein arealplan over denne delen av eigedommen vår, og at de er interessert i mesteparten av arealet på denne staden. Vi er ikkje kjendt med dette, vi har halde oss til reguleringsplanen som vart vedteken den 22.03.2001, slik vi finn den i kommunen sitt planarkiv, braplan. Det er ingen konflikt mellom vår søknad og denne reguleringsplanen.

At det føreligg ein plan over arealet, der det offentlege er interessert i arealet til kyrkjegard, er ukjendt for oss. Vi har levd i den tru at reguleringsplanen har sikra det offentlege sitt behov for kyrkjegard.

På slutten av 90-tallet gav vi eit tilbod om areal til gravplass, og underskreiv ein avtale om det. Dette var fordi situasjonen var vanskeleg når det gjald gravplassar i Seim. Både vi og kommunen var einige om at arealet ikkje eigna seg som kyrkjegard, men vi fann ei dyr løysing som kunne forsvarast. Når det seinare vart sett i gong eit reguleringsarbeid som vart vedteke den 22.03.01, så vart mykje løyst. I den forbindelse trekte vi vårt tilbod, og bad om at avtalen vart sendt i retur. Dette er omtala i kommunestyresak 035/01. Avtalen kom ikkje i retur, noko vi vart skuffa over. Likevel så betrakta vi det offentlege sine interesser i området som ikkje aktuelle all den tid arealet ikkje var omfatta av reguleringsplanen. Dette vart også opplyst av kommunen sine representantar. Vi trur derfor at arealet er komen inn i arealplanen (som offentlege føremål) ved ein feil.

Skulle kommunen likevel vera interessert i området, så er det berre å inngå förhandlingar med oss, vi skal ikkje motsetja oss det.

Søknaden om dispensasjon er skriven på dels sviktande grunnlag frå vår side ser det ut til, men likevel så er det å betrakta som ein søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan. Vi ber derfor om eit møte der vi kan drøfta korleis vi kan gå vidare med denne saka. Då det er vanskeleg å treffa dykk på telefonen, så ber eg om at det sender meg eit forslag til møtetidspunkt.

Med venleg helsing

Terje Hopland
Seimsleitet 77
5912 SEIM

tlf 95265891